

VANG KOMMUNE

Landbruk/teknisk etat

Sjå adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

DOLSIM - 17/5843

Arkiv:

2016006, L12

Vår dato:

27.09.2017

Melding om vedtak - forslag om nytt hyttefelt på Eidsbugarden

Kommunestyret vedtok i møtet 21.09.2017 sak 044/17 å avvise planinitiativet om nytt hyttefelt på Eidsbugarden (plan-ID: 2016006), men ta det med som innspel til rullering av kommuneplan. Vedtak i kommunestyret:

Eidsbugarden er eit viktig område for friluftsliv og reiseliv i Vang. Samstundes er området høgt over havet og sårbart for inngrep. Planområdet ligg ikkje som utviklingsområde i kommuneplanen.

Med heimel i forskrift om konsekvensutredninger § 16 siste punktum avviser Vang kommune planinitiativet og fastsett ikkje planprogrammet for Eidsbugarden hyttefelt, jf. også pbl § 12-11 tredje punktum. Grunngevinga for dette området ikkje ligg som utviklingsområde i kommuneplanen. Nye utbyggingsområde i høgjellet bør sjåast i ein større samanheng, og verknadane av slik arealutnytting må bli vurdert på kommuneplannivå.

HU-075/17 Vedtak:

Som framlegget til vedtak med følgjande tillegg: Hovudutval for utvikling syner til planstrategien, og ynskjer å få vurdert denne planen som eit innspel ved rulleringa av kommuneplanen..

Samrøystes

KS-044/17 Vedtak:

Tom Kjetil Tørstad, Vang SP, la fram slikt framlegg:

Som framlegget under føresetnad av at rullering gjennomførast i inneverande kommunestyreperiode. Dersom rullering av kommuneplanen ikkje er gjennomført innan inneverande kommunestyreperiode ber vi om at saka kjem opp til og blir behandla som dispensasjonssøknad innan 2 år.

Ved alternativ votering vart vedtaket i hu utvikling (18.09.) vedteke med 11 stemmer medan framlegget frå Vang SP fekk 6 stemmer.

Dette er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav b, som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagefristen er tre – 3 – veker frå mottakinga av dette brevet. Ei eventuell klage på vedtaket skal stilast til Fylkesmannen i Oppland, men sendes via kommunen.

Side 1 av 13

Med helsing

Simen Dølgaard
plan- og byggesaksbehandler
Dir. tlf.: 61369478
E-mail: Simen.Dolgaard@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Adresseliste:

Utmarksplan AS

Kopi til:

Fylkesmannen i Oppland

Oppland fylkeskommune

NVE

Statens vegvesen

DNT Oslo og omegn

Eidsbugarden vel

Magnus Kvame

Enkeltpersonar med merknad

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

| Behandla av | Møtedato | Saksnr. | Saksansvarleg |
|--------------------------|------------|---------|---------------|
| Hovudutval for utvikling | 12.09.2017 | 073/17 | SUNHAK |
| Hovudutval for utvikling | 18.09.2017 | 075/17 | SUNHAK |
| Kommunestyret | 21.09.2017 | 044/17 | SUNHAK |

| ArkivsakID | JournalID | ArkivID | Saksbehandler |
|------------|-----------|--------------|-------------------|
| 16/510 | 17/4905 | 2016006, L12 | Håkon Berg Sundet |

Behandling av planprogram - Forslag om nytt hyttefelt ved Eidsbugarden

Vedlegg:

| Dok. dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|--|--------|
| 18.07.2017 | Planprogram Eidsbugarden - til oversending | 107005 |
| 04.09.2017 | Samlet svarbrev Bruland med vedlegg 01.09.2017 | 111525 |

Utmarksplan AS fremmer eit planforslag for eit nytt hyttefelt på Eidsbugarden på vegne av grunneigarane Magnus Kvame og Kristiffer Kvame. Dei ynskjer å leggje til rette for eit nytt hyttefelt på sørsida av fv. 252 ved Sløtafeltet. Planområdet ligg i snaufjellet på mellom 1 119 og 1 142 m.o.h. Utmarksplan har sendt over eit planprogram for behandling i kommunen.

Etter avtale med kommunen har Utmarksplan varsla oppstart og lagt planprogrammet på høyring – utan at oppstartmøte er gjennomført med kommunen. Bakgrunnen var at ein ynskja å få uttale i frå regionale- og statlege myndigheiter fyrst. Rådmannen ser at dette var ei uheldig avgjerd; det er kommunen som planmyndigheit som først bør gje informasjon/signal om planinitiativa, og denne praksisen vil ikkje vil gjenta seg, jf. også endringane i pbl. av 1.7.2017 (spesielt § 12-8). Fylkesmannen, fylkeskommunen, NVE og Statens vegvesen uttalte seg til varselet og planprogrammet. Saman med planprogrammet sendte Utmarksplan over eit brev frå Statskog.

Forslag til endeleg planprogrammet vart sendt kommunen den 22.5.2017. Utmarksplan fekk varsel om forlenga saksbehandlingstid, jf. forvaltningslova § 11a, dagen etter.

Etter førespurnad frå velforeininga, sendte rådmannen den 18.7.2017, planprogrammet ut på ei avgrensa høyring til potensielle rørde partar: Eidsbugarden Vel og nabogrunneigarane Anders Hermundstad, Sverre Øyvind Bruland og Oppdal og Skogstad sameige. Desse fekk frist til 1.9.2017 til å kome med merknadar. DNT Oslo og Omegn har også kontakta kommunen og fått moglegheit til å uttale seg innan same frist.

Saksopplysninger:


Planinitiativet ynskjer å leggje til rette for 50 nye fritidsbustadar på sørsida av fv. 252 og sør for det eksisterande Sløta-feltet (sjå figur 1). Planområdet er 125 daa stort.

Overordna plan

Kommuneplanen legg ikkje til rette for vidare utvikling i dette området. Areala utanfor reguleringsplanane i området har formålet LNFR. Unntaket er den gamle alpintraseen bak Fondsbu, som fortsatt har dette formålet i kommuneplanen. Det næraste nye utbyggingsområdet for fritidsbustader i kommuneplanen er i sørenden av Tyin ved Tyin panorama.

Reguleringsplanar

Figur 1 syner reguleringsplanane Sløtafeltet og Eidsbugarden-Fondsbu. Feltet ved Mjølkedøla er ikkje regulert meir i detalj enn at det er gitt egne føresegner i kommuneplanen for utnyttinga av desse bebygde tomtene. Næraste tomtereserve for fritidsbustadar er 870 meter lenger vest for Sløtafeltet innanfor reguleringsplanen Tynholmen (frå 2008).



Figur 1: Kartet på venstre side synar reguleringsplanane for Sløtafeltet og Eidsbugarden-Fondsbu, samt området for det nye planinitiativet (stipla line). Til høgre er utnyttinga av planinitiativet synleg. Alle tomtene er fritidsbustadar, med unntak av ei med kombinert formål.

Høyring av planprogram:

Ved høyringa av planprogrammet kom det fire merknadar.

Statens vegvesen (brev av 7.9.2016)

Dei påpeiker at det ikkje er aktuelt å brøyte fv.252 om vinteren (pga. drift og sikkerheitutfordringar). Det blir stilt krav om naudsynt parkeringsplass ved vinterbrøyta veg. ROS-analysen må belyse utfordringane med å leggje til rette for hyttebygging 17 km frå vinterveg.

Dei peiker på at planarbeidet strider mot kommuneplanen, og at det blir lagt til rette for ei auke i talet på hytter utan vinterveg, og rår difor kommunen om å ikkje gå vidare med planen, men å vurdere den når kommuneplanen blir revidert. Då vil kommunen få ei heilskapleg vurdering av nye område for fritidsbustader i kommunen.

Utmarksplan sin kommentar:

Dei tek SVV sine kommentarar til etterretning, og synar til at det blir arbeida med auka parkeringskapasitet ved Tyin Panorama.

Rådmannen sine vurderingar:

Støttar seg på SVV si uttale. Sjå samla vurderinga under.

NVE (brev av 22.9.2016)

Sjølv om planområdet ikkje ligg i eit aktsemdområde for skred, så peiker NVE på at det kan vere skrentar under 50 meter og fonner som kan utgjere eit skadepotensial i området. Dette må avklarast nærare i planarbeidet.

Dei peiker på at det er vassdrag i området og til sin regel om byggeforbodssone på 20 meter til bae sider i frå midtlinja til vassdraget, jf. deira rettleiar 2/2011. Samt at inngrep i vassdraga skal bli unngått og alle kryssingar av vassdrag skal vere i tråd med TEK10.

Utmarksplan sin kommentar:

Dei tek innspilet om skredvurderingar med seg i det vidare arbeidet og peiker på at det er registrert sørpeskred i området.

Rådmannen sine vurderingar:

Planområdet er høgt til fjells og er tidvis vêrhardt. Historia har vist at det skjer skred her. Difor er det viktig å take tilstrekkeleg omsyn til naturkreftane.

Fylkesmannen i Oppland (brev av 12.10.2016)

Fylkesmannen etterlyser referat frå oppstartmøtet. Kommuneplanen vart vedteke for under to år sidan. Den skal legge føringar for den langsiktige arealdisponeringa i kommunen. Dei syner til den omfattande prosessen bak kommuneplanen og at den er vedteke av kommunens høgaste organ. Fylkesmannen meiner det er spesielt viktig å fastholde dei langsiktige føringane kommunen har sett seg for høgfjellsområda.

Som planprogrammet, syner dei til at Eidsbugarden er eit sentralt område for utvikling av friluftsbasert reiseliv i regionen; området har spesielle kvalitetar når det kjem til landskap, kulturhistorie, friluftsliv og reiseliv det gjeld. I tillegg er det omsynssone for reindrift her.

Fylkesmannen meiner det er uheldig å fråvike kommuneplanen i enkeltområder. Dei meiner at alle arealdisponeringar i området bør bli sett i ein samanheng med kommunens langsiktige målsetnader for området, og at dette bør skje i kommuneplanen.

Fylkesmannen sin konklusjon er at planen kan vere i konflikt med viktige regionale verdiar i form av det å take vare på heilskaplege landskapsomsyn i fjellet og langsiktig utvikling av området rundt Eidsbugarden som friluftslivs- og reiselivsområde. I tillegg kan ei utbygging her vere i strid med nasjonale retningslinjer, også det pga. landskapsomsyn. Fylkesmannen rår kommunen om å avvise planforslaget. Går kommunen likevel for planen, utfordrar Fylkesmannen kommunen på å forklare kvifor det er naudsynt å planlegge i strid med nylig vedteken kommuneplan. Tiltaket bør heller vere eit innspel til neste revidering av kommuneplanen, då kan den vere ein del av ei heilskapleg vurdering av kommunen sin langsiktige utviklingsstrategi.

Utmarksplan sin kommentar:

Dei tek Fylkesmannen sine kommentarar til etterretning, men peiker vidare på at grunneigarane ikkje kan følgje med på kommuneplanprosessane som går. Men blir planen avvist, så vil dei fremme dette som eit innspel ved neste revidering av kommuneplanen. Dei peiker vidare på at det nesten ikkje er ein tomtereserve inne på Eidsbugarden.

Dei har vore i kontakt med reinlaget, og dei har ikkje innvendingar mot planinitiativet. Dersom kommunen er positive vil det bli utarbeida KU og landskapsomsyna vil då vere ein viktig del av vurderingane her. I tillegg så vil VA-løysing bli avklara med kommunen.

Rådmannen sine vurderingar:

Plan- og bygningsloven har strenge krav til å orientere innbyggjarar og interessentar for å få dei med på medverknad når planar blir utarbeida. Kommuneplanen er ikkje eit unntak. Ein må derfor kunne forvente at ein grunneigar med ein utbyggingstanke/-ide fylgjer med på dei prosessane som går i kommunen det gjeld.

Rådmannen er i det store og heile eining med dei momenta som Fylkesmannen reiser.

Oppland fylkeskommune (brev av 12.10.2016)

Fylkeskommunen peiker på planinitiativet ikkje er i tråd med kommuneplanen. Her burde kommunen hatt eit oppstartsmøte med tiltakshavar og vurdert om det er ynskjeleg å fråvike kommuneplanen før planen vart varsla og planprogrammet lagt ut på høyring.

Fylkeskommunen vil med bakgrunn i at planarbeidet er i strid med overordna plan, og omsynet til vinterbrøyta veg, tilrå kommunen om å avvente planforslaget til neste revisjon av kommuneplanen. Då vil kommunen kunne gjere ei heilskapleg vurdering av dei nye utbyggingssområda for fritidsbustadar i kommunen.

Dersom kommunen likevel finn å ville gå vidare med planarbeidet, så må omsyn til fri ferdsel, eksisterande turveg/ferdselsårar, landskapet og estetikk (tydelige føresegn knytt til utforming, fargar, høgder og type tak) takast. Dette er viktige omsyn å ta når planen er så høgt over havet som her.

Kulturarveininga synar til at det er registrert automatisk freda kulturminne i området. Det er ei murt fangstgrop. Denne er dei ikkje innstilt på å gje dispensasjon til og den må omsyntas.

Utmarksplan sin kommentar:

Dei tek merknadane til etterretning. Og vil ta kontakt med kulturarveininga med omsyn til kulturminnet.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen er i det store og heile eining med dei momenta som fylkeskommunen reiser.

Utvida høyring

I perioden for utvida høyring kom det inn sju uttaler.

DNT Oslo og Omegn (brev av 31.8.2017)

DNT uttrykker at dei er svært skeptiske til plasseringa av desse hyttene. Dei peiker på at området ligg høgt over tregrensa og at dei vil utgjere eit markert trekk i høgfjellet. Dei meiner vidare at verknadane må bli sett i eit større perspektiv. Det er mogeleg at det lar seg gjere å innpasse fleire hytter ved Eidsbugarden, men dei meiner ikkje at denne planen er måten å eventuelt gjere det på.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen er einig med DNT i at verknadane må bli sett i eit større perspektiv, til dømes igjennom ein prosess på kommuneplan-nivå.

Per Ove Oppedal (eigar av 6/326; brev av 31.8.2017)

Som ein av dei næraste naboane til planområdet er dei kritiske til at dei ikkje var varsla i fyrste omgang. Han er sterkt i mot etablering av eit nytt hyttefelt. Han støttar seg til Eidsbugarden Velforening si uttale, og peiker spesielt på belastninga dei nye hyttene fører med seg for dei eksisterande. Ei nær dobling av talet av hytter i denne delen av Eidsbugarden vil redusere opplevinga av høg fjell og urørt natur. For dei eksisterande hyttene her, er dette området ein viktige del av utsikta. Og han er ueinig i det som står i planprogrammet om at det nye feltet vil ta omsyn til området. Han meiner snarare tvert i mot, at denne type utbygging er noko du finn i eit område nær alpisentra. Og det er ikkje ei ynskja utvikling.

Dagens utbygging på Eidsbugarden er hovudsakleg spreidd og er tilpassa landskapet. Det gjør at dei 150-180 hyttene ikkje står fram som svært synlege i landskapet, noko han meiner dei 50 foreslegne vil gjere.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen tar sjølvkritikk, som peikt på innleiingsvis, om korleis oppstart av denne planen vart behandla av administrasjonen. Rådmannen tek elles uttala til orientering.

Øyvind S. Bruland (eigar av 6/168 og 6/68; brev av 31.8.2017)

Bruland meiner at området må bli verna mot ytterlegare inngrep. Og meiner at den planlagde hytteutbygginga vil øydeleggje både inngangsporten til Jotunheimen frå sør og den urørde stigninga opp mot Utsikten – dette er ein mykje nytta sti.

Bruland peiker på at nye hytter har eit anna krav til standard enn dei eksisterande, og dette fører med seg større inngrep og verknader. Vidare peiker han på at Utmarksplan AS har vinkla mange av argumenta «utilbørlig og feilaktig positivt». Dette underbygger han ved å peike på at innfallsporten til Jotunheimen blir nytta som marknadsføringsargument. Bruland meiner det er på tross av dei eksisterande hyttene at området er mykje besøkt – det er den urørde naturen som trekkjer. Utmarksplan trekker fram at Vang kommune er ansvarleg og har gjennomført vellykka utbygging i snaufjellet. Bruland er vidare kritisk til Vang kommune sin godkjenning av planar og bygg, og synar til døme både i Sløtafeltet og Tyinholmen kor byggjestil og oppføring er kritikkverdig.

Bruland undrar seg vidare, og skriv:

Det synes merkelig at vidare utbygging i området ikke lenger er et problem for reindriften. Da man etter det store snøskredet i Sløtafjellet på 80-tallet prøvde å skaffe 10 erstatningstomter som skulle plasseres i det samme området som nå ønsket bebygget med et mye høyere antall hytter, stoppet grunneier kontant

dette initiativet begrunnet i nødvendig fritt leide for reinsdyrene (ref. årsmøte Eidsbugarden vel 15/3, 1988 s.7).

Han er heller ikkje eining i Utmarksplan sitt argument i at eit nytt hyttefelt vil vere med og sikre hotelldrifta. Bruland skriv at det ikkje er hytteigarane som nyttar hotellet og at kommersielle interesser ikkje kan vere eit argument for å byggje ut heilt nye områder.

Avslutningsvis støttar Bruland seg på Fylkesmannen i Oppland sine vurderingar om at planen kan vere i strid med viktige regionale landskapsomsyn, og konstaterer at planen er i strid med Vang kommune sin kommuneplan.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen tek uttala til orientering. Bruland har vedlagt ein artikkel frå Fjell og Vidde. Denne uttala med dette vedlegget er difor vedlagt saka.

Eidsbugarden vel (brev av 1.9.2017)

Velforeininga peiker på feil i planprogrammet, da det står at det er 150 hytter i Sløtafeltet. Det riktige talet er rundt 75, i tillegg er det rundt 75 hytter ved Mjølkedøla. Foreininga konkluderer at planforslaget strider mot kommuneplanen. Dei er kritiske til at framgangsmåten med varsling mv. ikkje har fylgt normal praksis.

Utgangspunktet for velet er at: «Eidsbugarden har helt spesielle kvaliteter når det gjelder landskap, kulturhistorie, friluftsliv og reiseliv. Man bør derfor være forsiktig med å åpne for inngrep som varig endrer området karakter». Dei peiker på at det foreslegne feltet vil liggje ved inngangen til Eidsbugarden og den sentrale inngangsporten til Jotunheimen frå Valdres- og Filefjellsida. Utsikta mot Bygdin og fjella rundt er her uberørt og stien opp til Utsikten er av dei mest nytta i området – her tek Utmarksplan feil seier dei. Vidare er det ei reinsdyrgrav her, tjerna er nytta som kjelde for drikkevatt, og området er ein viktig hekkeplass for lirypa i området.

I tillegg til verknadane eit nytt hyttefelt vil få for friluftslivet peiker dei på verknaden for landskapet. Dei er eining med Utmarksplan i at det er viktig at det nye hyttefeltet «underordner» seg den eksisterande bebyggelsen, men de trur ikkje det lar seg gjere i praksis. Dagens krav til infrastruktur, som vatn, kloakk mv. gjer at dei trur inngrepa blir vesentleg større enn for den eksisterande bebyggelsen. Dei tre hyttene som ligger på sørsida av vegen vart bygd før felta kom, og er bygd med auge for turisme/næring. Velforeininga meiner difor at ein ikkje kan sei at området er «bebygd» i moderne forstand.

Dei avsluttar med å slute seg til Fylkesmannen i Oppland sin merknad om å sjå verknaden i ein større samheng og fraråder utbygging. Og at det kan vere i strid med viktige regionale landskapsomsyn for fjellet.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen tek uttala til orientering.

Odd Tangen (eigar av 6/206 og 6/330; brev av 1.9.2017)

Tangen skriv:

Dersom denne planen blir godkjent vil det først og fremst ha store skadevirkninger for Eidsbugarden og dens rykte som feriedestinasjon og som hytteeier på Eidsbugarden (siden 1976), er jeg sterk motstander av disse planen.

Vidare peiker han på at han ikkje har fått nokon erstatningstomt og heller ikkje fått besvart eit brev som er sendt kommunen om dette og fleire forhold i april 2015. Han forventar at folk som ventar på erstatningstomt etter raset i 1983 får ny tomt før eit ev. nytt felt blir etablert.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen beklagar at svar ikkje er sendt, og vil sette seg inn i saka og sørge for at Tangen mottar svar. Rådmannen tek elles uttala til orientering.

Lars Erik Nybø og Marit C. Synnevåg (eigar av 6/129; brev av 3.9.2017)

Nybø og Synnevåg meiner at planforslaget må avvise og at områda utanfor eksisterande bebyggelse på Eidsbugarden må vernast mot vidare utbygging. Om prosessen skriv dei:

Det er påfallende et en privat utbygger fremmer et så kontroversielt forslag som bryter med nylig vedtatt kommuneplan. At denne utbygger ikke var kjent med kommuneplanprosessen er ikke troverdig, ettersom denne utbygger er grunneier med tilhold i Valdres. Det virker som denne plansaken er bevisst holdt utenom både kommuneplanprosessen og vanlig praksis i utbyggingssaker som innebærer bred involvering og god informasjon om formålet. Dersom en ny plan fremmes som bryter med kommunenes arealplan, er det på grunn av allmennyttige formål. Her er jo forholdet stikk motsatt, en privat utbygger som på rent privatøkonomisk grunnlag utfordrer dette områdets formål i kommuneplanen. Dette burde være nok grunnlag for kommunen å avvise forslaget til utbygging. Det påhviler Vang kommune et særlig ansvar å sikre Jotunheimen som et unikt natur- og friluftsområde ettersom de forvalter arealene inn til og i Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare skriv dei at planen vil endre preget på Eidsbugarden og vil hindre tilkomsten til eit svært viktig natur- og friluftslivsområde.

Dei stillar spørsmål om planprogrammet, slik det no ligg føre, er eit gyldig forslag til planprogram. Dette fordi eit planprogram skal seie noko om kva som skal bli utgreia/vurdert, ikkje berre beskrive tiltaket og området. Vidare er det ikkje omtala om korleis VA-løysinga er tenkt utforma og verknadane dette vil få for dei etablerte hyttene. Korleis hyttene vil stå fram i terrenget er heller ikkje synleggjort.

Dei stiller også spørsmål om reiselivsbedriftene på Eidsbugarden er for denne planen. Dei Nybø og Synnevåg trur ikkje fleire hytteeigarar vil ha noko å tyding for omsetninga på Fondsbu og Eidsbugarden, snarare trur dei det er slik at gjestene der vil ha «mest mulig uberørt, vill og vakker natur og ikke moderne hyttebyer». Dei rår Vang kommune til å avslutte planinitiativet.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen tek uttale til orientering. Og synar til avsnittet under «planprogrammet til behandling».

Rune Grundekjøn (eigar av 6/296 ; brev av 4.9.2017)

Grundekjøn skriv: «*Som grunneier på Eidsbugarden protesterer jeg på planer om å massivt forringe kvalitetene ved Eidsbugarden og ødelegge det unike naturmiljøet vi har*». Han meiner at området vil få endra karakter om det blir bygd 50 høgstandardhytter på Eidsbugarden – dette vil vere framandelement i landskapet der, då dei eksisterande hyttene har ein gamal og nøktern stil. Han avsluttar med at hyttebygging over tregrensa ikkje er ønskeleg og skjer sjeldan i nye område i dag.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen tek uttala til orientering.

Om negativ servitutt på eigedomen til Kvame

I 1980 kjøpte Miljøverndepartementet eidegom som nå er 6/267 frå Kvame. I den kongelige resolusjonen står det at målsetnaden med ervervet var å «sikre noen av de områder som er viktige innfallsporter til Jotunheimen i friluftssammenheng». Områdene skulle være «friluft- og naturområde». Ein tredjedel av det areal som vart erverva av departementet låg innanfor nasjonalparken som då vart oppretta.

I kontrakten om ervervet står det i punkt 4:

På den del av gnr. 6 og bnr. 2 som selger beholder, jfr. punkt 1, plikter selger å tinglyse erklæring som hindrer ytterligere hyttebebyggelse, bortsett fra inntil 5 hytter, med mindre kjøper samtykker. Enhver hyttebygging er ellers betinget av at det gis tillatelse til oppføring etter de bestemmelser som til enhver tid gjelder for hyttebygging i området.

Statskog er ansvarleg for forvaltninga av staten sin grunn. Det har vore kontakt mellom grunneier og Statskog ifbm. dette planinitiativet. I brev av 10.5.2017 skriv Statskog: «Statskog SF aksepterer en opphevelse på inntil 50 nye hytter på gnr. 6 og bnr. 2 i Vang i Valdres under forutsetning av aksept i kommunal saksbehandlingsprosess». For dette vil dei ha ein økonomisk kompensasjon til fordel for grunneigarfondet). Dei ber også om at fjellstyret blir hørt (Utmarksplan har vore i kontakt med styreleiar).

Om behandling av plan i same område i 1988

Etter sørpeskredraset på Eidsbugarden i 1983 vart det ein prosess med å kartlegge, omregulere og finne erstatningstomter til råka grunneigarar sett i gong. Denne prosessen vart avslutta med vedtaket av ny reguleringsplan i kommunestyret 20.12.1988. To nye reguleringsplanar vart vurdert: Den eine fortetta Sløtafeltet (etter rasfagleg vurdering var gjort) og den andre foreslo eit nytt felt der denne saka også ynskjer å leggje til rette for hytter. I saken står det:

Ut frå ei totalvurdering vil ein gå inn for den reguleringsplan som utfyller eit allereie eksisterande hyttefelt, framfor «Reguleringsplan, Eidsbugarden gnr. 6/12» som vil opne for ei utbygging i eit uberørt område. Dette standpunkt er her heilt i tråd med fylket sine anbefalinger som sterkt foretrekker ei fortetting av eksisterande hyttefelt framfor ny hyttebygging i uberørte områder. (...).

Bl.a. vei ein at det knytter seg sterke viltinteresser til fastmarkstangen mellom Bygdin og Tyin. (...).

Planprogrammet til behandling

«Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven» (19.12.2014 nr. 1726) ble erstattet med «Forskrift om konsekvensutredningar» den 21.6.2017. Krava for det planprogrammet som nå blir behandla, er etter gamal forskrift. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, omtale området og synleggjere kva problemstillingar som er viktige for miljø og samfunn i området. Dette skal bli gjort ut i frå eksisterande kunnskap, jf. § 5. Vidare skal realistiske alternativ omtalast. Planprosessen skal synleggjerast.

I planprogrammet som er sendt kommunen er merknadane frå høyringa innarbeida. Planprogrammet seier at i ein ev. vidare prosess skal desse forholda/verknadane bli drøfta i detalj:

- Kulturminner og kulturmiljø
- Naturmangfold, jf. relevante bestemmelser i naturmangfoldloven.
- Friluftsliv
- Landskap
- Forurensning (utslipp til luft, herunder klimagassutslipp, forurensning av vann og grunn, og støy)
- Vannmiljø, jf. relevante bestemmelser i vannforskriften
- Transportbehov, energiforbruk og energiløsnings.

- Beredskap og ulykkesrisiko, jf. plan- og bygningsloven § 4-3.
- Mulige trusler som følge av klimaendringer, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og
- skred.
- En beskrivelse av arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

Den vidare planprosessen er skissert. Og det er ikkje skissert noko alternativ mellom 0-alternativet (området er som i dag) og hyttebygging med 50 nye tomter.

Sjølv om planprogrammet, og spesielt punkt 2, kunne vore skreve/gjort meir vennleg for lesaren, meiner rådmannen at planprogrammet omtalar området, tek opp relevante tema som skal inn i ei eventuell planomtale og konsekvensutgreiing, og slik sett oppfyller dei krav som dåverande forskrift § 6 krev.

Samla vurdering

Eidsbugarden er eit viktig område i Vang for friluftsliv og utmarksbasert reiseliv. Eidsbugarden, med Fondsbu, Eidsbugarden hotell, Vinjerock og Jotunheimen, er sterkt delaktig i å sette Vang på kartet. Ut i frå høgda det ligg på (> 1 060 m.o.h.) og landskapsforholda er området sårbart for inngrep.

Kommuneplanen blir til etter ein omfattande prosess kor innbyggjarar, organisasjonar, politikarane og administrasjonen deltar, i tillegg til regionale- og statlege myndigheiter. Målet er å leggje føringar for den langsiktige arealforvaltninga i kommunen. Arealforvaltninga skal bidra med å nå dei målsetnadene kommunen har for perioden og framtida. Nye forhold kan gjere at ein finn å kunne/måtte gå på tvers av kommuneplanen. Men rådmannen meiner det er spesielt viktig å vere varsam med å gå på tvers av kommuneplanen i høg fjellsområda – dette på grunn av deira sårbarheit for inngrep. Slike inngrep bør bli sett på i ein større samanheng, og bør derfor vere vurdert i samband med kommuneplanprosessen. Dette peiker både Statens vegvesen, fylkeskommunen og Fylkesmannen også på i sine uttaler, og rådmannen er einig med dei. Jamfør planstrategien, vedteke 24.6.2016, såg ikkje kommunen det som naudsynt å revidere kommuneplanen i denne valperioda – den har nok areal til utbygging til å nå målsetnadene i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Utsegna frå DNT Oslo og Omegn, grunneigarar, velforeininga og hytteeigarar er samstemte om at dei ikkje ynskjer ei utbygging i urørde område ved Eidsbugarden. Dei peiker på at området er brukt til friluftsliv (sti opp til Utsikten), og at ei ny og moderne utbygging vil føre med seg eit heilt anna inngrep i landskapet/terrenget enn dei eldre hyttene gjer. Dei stillar spørsmålsteikn ved fleire av «sals argumenta» som planprogrammet listar opp. Rådmannen er eining i deira vurdering om at den eksisterande bebyggelsen gjer mindre inngrep i landskapet, enn nye og moderne høgstandard hytter vil kunne gjere. Området ligg høgt til fjells, slik at inngrep som blir gjort, krev lang til for å bli gjengrodd/retablert av naturen – det krevjer at ein nøye vurderer behovet.

Tomtereserven for fritidsbustadar i Vang kommune er stor. Eit viktig fokuspunkt for kommunen er no området rundt Tyinkrysset. Her søkar kommunen å få med tiltakshavrane på å lyfte tunge investeringar saman med kommunen. Å opne opp for nye utbyggingsareal i nærleiken, og som ikkje er vurdert som utviklingsområde i kommuneplanen, meiner difor rådmannen vil kunne arbeide mot det ein ynskjer å få til innanfor kommunedelplanområdet på Tyinkrysset.

Ut i frå denne samla vurderinga rår rådmannen Vang kommune om ikkje å fastsette planprogrammet for «Eidsbugarden hyttefelt», jf. KU-forskrifta § 16, og då avvise vidare

planarbeid for dette planinitiativet, jf. pbl § 12-9. Avgjerda skal bli grunngjeve, men kan ikkje bli påklaga, jf. § 12-9 siste ledd.

Framlegg til vedtak:

Eidsbugarden er eit viktig område for friluftsliv og reiseliv i Vang. Samstundes er området høgt over havet og sårbart for inngrep. Planområdet ligg ikkje som utviklingsområde i kommuneplanen.

Med heimel i forskrift om konsekvensutredninger § 16 siste punktum avviser Vang kommune planinitiativet og fastsett ikkje planprogrammet for Eidsbugarden hyttefelt, jf. også pbl § 12-11 tredje punktum. Grunngjevinga for dette området ikkje ligg som utviklingsområde i kommuneplanen. Nye utbyggingsområde i høgjellet bør sjåast i ein større samanheng, og verknadane av slik arealutnytting må bli vurdert på kommuneplannivå.

Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 12.09.2017

HU-073/17 Vedtak:

Etter synfaring, vart saka utsett til ekstra møte 18.09.2017.

Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 18.09.2017

HU-075/17 Vedtak:

Som framlegget til vedtak med følgjande tillegg: Hovudutval for utvikling syner til planstrategien, og ynskjer å få vurdert denne planen som eit innspel ved rulleringa av kommuneplanen..

Samrøystes

Saka vart behandla i Kommunestyret 21.09.2017

Behandling:

Saksordførar Erlend Eggen orienterte og saka og saksgangen så langt.

Ove Martin Stende peikte på at kommunestyret i neste periode må be om å få seg forelagt saka om planstrategi så tidleg som muleg.

KS-044/17 Vedtak:

Tom Kjetil Tørstad, Vang SP, la fram slikt framlegg:
Som framlegget under føresetnad av at rullering gjennomførast i inneverande kommunestyreperiode. Dersom rullering av kommuneplanen ikkje er gjennomført innan inneverande kommunestyreperiode ber vi om at saka kjem opp til og blir behandla som dispensasjonssøknad innan 2 år.

Ved alternativ votering vart vedtaket i hu utvikling (18.09.) vedteke med 11 stemmer medan framlegget frå Vang SP fekk 6 stemmer.